

Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Praksis arkitekter AS
Svein Jarls gate 2
7713 Steinkjer

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

ROGTOR - 26/9308

Arkiv:

3/121, L42

Vår dato:

20.08.2026

Saksnr.	Utval
230/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
204/26	Kommunestyret

3/121 - Tillatelse til tiltak - Utvidelse av ladeplasser for el-biler

Tiltak: Utvidelse av ladeplasser for el-biler

Byggjestad: Gbnr: 3/121

Tiltakshavar: Tesla Norway AS
Bekkenstenveien 15
0976 Oslo

Ansvarleg søkjar: Praksis arkitekter AS
Svein Jarls gate 2
7713 Steinkjer

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningsloven §20-3, jf. §20-1, samt kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/leiar næring, plan og byggesak, utviding av etablert ladestasjon på gnr. 3, bnr. 121, på Beitostølen, i samband med søknad og vedlegg.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Alt avfall frå byggearbeidet skal leverast til godkjent avfallsmottak. Det er ikkje lov å brenne avfall på eigedomen.
2. Erklæring om ansvarsrett for dei forskjellige oppgåvene skal sendast inn til kommunen for registrering før arbeidet kan setjast i gang.
3. Om det under gravearbeid skulle råkast på kulturminne skal arbeidet straks verte stoppa, og kulturminnemyndigheitene i Innlandet Fylkeskommune skal bli varsla. Vidare arbeid skal då avklarast med dei før ein kan fortsette.
4. Området skal vere tilstrekkeleg sikra under etablering av utvidinga av anlegget.
5. Tiltaket skal avsluttast med godkjent søknad om ferdigattest.


Saksopplysninger

Praksis Arkitekter AS har på vegne av tiltakshavar Tesla Norway AS sendt inn søknad om tiltak med ansvarsrett.

Søknaden beskriver utviding av ladeplasser for el-bilar på området nedanfor Beito Høgfjellshotell.

Området er merket i kartet med arealformål 181 – Hotell og er styrt av føresegn i reguleringsplanen for Beito Høgfjellshotell – B.46.

Det er fra tidlegare etablert nokre ladeplassar på området, og søknaden syner utviding av totalt 16 nye plassar som kjem i tillegg til dei 9 plassane som allereie er etablert. Dei noverande ladeplassane er godkjente etter eige behandling med vedtak datert: 25.09.2023.



Figur 1 Situasjonsskart syner angitte nye ladeplassar i raud farge, og tilhøyrande nettstasjon i gul farge. Oppe til høgre i kvit er noverande plassar.

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar, og det er vedlagt erklæring om ansvarsrett for SØK og PRO, samt gjennomføringsplan. Det er opplyst i søknaden at erklæring om UTF for tiltaket vil kome inn før eventuell oppstart.


Vurdering

Eigedomen tiltaket er tiltenkt på er merket blått i arealkartet og med arealføremål Hotell. Det er i sak 201/23 innvilga dispensasjon frå reguleringsføremålet og området i saka er vurdert som avklart til område for biloppstilling. Vi vurderer dermed at tiltaket i søknaden er i tråd med noverande arealføremål.

Det er i DOK-analyse av eigedomen kome treff på at deler av eigedomen kan ha potensiale for flaum, og det er treff på kulturminne inne på området

Vurdering for potensiale for flaum:

Kilde	Norges vassdrags- og energidirektorat	Oppdatert	30.06.2025
Antall treff	4	Nedlastet	07.07.2025
Dokumentasjon (GeoNorge)	Klikk her	Sist sjekket	10.08.2026
Dekning	Data i dette området følger datasettets spesifikasjoner og kvalitetskrav.		



Beskrivelse

NVEs aktsomhetskart for flom er et nasjonalt datasett som på oversiktsnivå viser hvilke arealer som kan være utsatt for flomfare. Potensielt flomutsatte områder vises som polygon på kartet, men inneholder ikke informasjon om den årlige sannsynligheten for flom.

Figur 2 Sitkart med sone for potensiale flaum

DOK- analysen syner at deler av område avsett til biloppstilling kan vere råka av potensielt flaumutsette areal. Ut frå kartgrunnlaget ser dette ut til å omfatte delar av området der den planlagde utvidinga i denne saka er tenkt gjennomført.

Ved synfaring av området såg sakshandsamar at det er ein markant høgdeskilnad mellom dei førande vasslinjene og området for biloppstilling. Høgdeskilnaden er om lag to meter, og enkelte stader meir. Området har også ei naturleg helling frå biloppstillingsplassen og ned mot vassføringslinjene på alle sider.

Høgdeprofilar henta frå kommunen si kartteneste syner at høgdeskilnaden mellom dei førande vasslinjene og biloppstillingsplassen fleire stader er nærare tre meter. NVE sitt temakart syner samstundes ein berekna flaumavstand på under 2,5 meter. På dette grunnlaget vurderer vi at lågaste terrenghøvd innan tiltaksområdet ligg høgare enn berekna flaumnivå, og at tiltaket difor ikkje er utsett for flaumfare.

Vurderinga er i samsvar med NVE sin rettleiar om flaumfare (2022/3).

Vurdering kulturminne:

Kulturminner: Kulturminner - Lokalteter, Enkeltminner og Sikringssoner

Kilde	Riksantikvaren	Oppdatert	19.08.2026
Antall treff	4	Nedlastet	15.08.2026
Dokumentasjon (GeoNorge)	Klikk her	Sist sjekket	15.08.2026
Dekning	Dataene er mangelfulle eller avviker fra datasettets spesifikasjoner og kvalitetskrav.		



Figur 3 Sitkart syner blått område treff for kulturminne.

DOK-analysen syner treff på kulturminne innanfor området. Kulturminnet er registrert som automatisk freda, men framstår i kartgrunnlaget som utgrave eller fjerna, og vurderast difor å ikkje vere til hinder for gjennomføring av tiltaket i denne saka. Dette er også stadfesta gjennom Riksantikvaren si kartteneste.

På bakgrunn av dette vurderer vi at tiltaket kan verte gjennomført. Det vert likevel sett som vilkår at dersom det under grave- eller anleggsarbeid vert gjort funn av kulturminne eller spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet, skal arbeidet straks stansast. Kulturminnemyndigheita i Innlandet Fylkeskommune skal då bli varsla, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd.

Det er erklært ansvarsrett for SØK og PRO for tiltaket, men ikkje for UTF. Vi legg som vilkår at dette skal sendast inn til kommunen før oppstart.

Det er ingen merknadar til nabovarslinga og saka er kurrant og kan gjennomførast. Tiltaket skal avsluttast med godkjent søknad om ferdigattest. Kommunen har ingen ytterlegare merknadar til tiltaket.

Erklærte ansvar i tiltaket jf. pbl §§20-3, 23-1 og 23-3

Føretak	Funksjon	Datert	Tiltakskl	Journaldato
Praxis Arkitekter AS 979468520	SØK Heile tiltaket	13.08.2026	1	13.08.2026
Praxis Arkitekter AS 979468520	PRO Ansvar iht. søknad	13.08.2026	1	13.08.2026

Skal meldast inn før oppstart	UTF Ansvar iht. søknad			
--------------------------------------	------------------------	--	--	--

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar datert 22.06.2026 med journaldato 13.08.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. I tilfelle tilsyn eller kontroll, skal dette løyvet alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.
2. Det blir lagt til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekket med nødvendig ansvarsrett jf. pbl §23-3.
3. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
4. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10.
5. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
6. Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.
7. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Tore Rogne
Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Mottakar
Tesla Norway AS

Bekkenstenveien 15

0976

Oslo